

Emnerapport (år 2014 vår)

Emnekode og namn: DIDANOR2

Faglærar si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Det har vore halde 10 dobbeforelesingar fordelt på 3 lærarar.

Det har vore i alt 13 studentar, men den eine studenten har berre gjort «pliktarbeidet», så i praksis har det vore 12 studentar på undervisninga. Det har vore godt oppmøte heile semesteret.

Strykprosent og fråfall: Ingen fråfall

Karakterfordeling: Tre studentar valde munnleg eksamen: A:1 og C:2

Ti studentar valde rettleidd semesteroppgåve: A:2, B:4, C:6, D:1

Studieinformasjon: Studentane har fått meldingar på Mi Side.

Tilgang til relevant litteratur: Det har vore nytta eit kompendium som dei har fått kjøpa på Studia og elles ein del artiklar som har vore tilgjengelege i fillageret. Etter kvar undervisningsøkt har faglærarar lagt ut presentasjonar og anna i fillageret.

Faglærar si vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr: Undervisningsstadene har veksle mellom eit grupperom på HF og på Sydnesplassen. Det har vore litt trøngt av di studentane stort sett vore rundt 11-12 studentar på kvar forelesing.

Faglærar sin kommentar til student-evalueringa(ne)

Metode – gjennomføring: Berre tre av studentane har svara på den elektroniske emneevalueringa. Dei seier at dei verken er nøgde eller misnøgde med undervisninga. Det vert etterlyst at undervisninga skal ta i bruk fleire skuleretta eksempel og visa tydelegare koplingar mellom teori og praksis. Dei er spesielt nøgde med emnet om elevtekstvurdering. Her seier dei at dei har lært korleis dei kan jobba med dette i skulen også knytt til vurderingsskjema. Dei likte også godt når teori blei knytt til praksis og å ha faglærarar som jobba i skulen.

Oppsummering av innspill: Måten kompendiet er strukturert på, vert kritisert. Det er ustrukturert og rotete og har mange tekstar med lite og dels utsøydeleg skrift. To av dei tre meinte også at omfanget på pensum var for stort.

Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:

Det er vert å merkja seg at responsen på slike digitale emneevalueringar etter at undervisninga er slutt, er svært låg (3/13) Det vil truleg vera betre utbytte om ein gjer slike evalueringar i ein del av ein undervisningstime i staden.

Faglærar er samd i at pensum er for rotete framstilt. Dette pensumet som sist vart revidert i 2009, vil ein likevel måtta leva med fram til dei nye emneplanane vert klare. Faglærarane kan likevel i større grad bruka litt meir tid i starten på å klargjera kvar dei finn kva.

Det vil også vera mogleg å tenkja betre gjennom gode koplingar mellom det teoretiske og det praktiske feltet for kvart undervisningstema. Aktiviteten, dynamikken og oppmøtet i gruppa har vore god gjennom heile semesteret. Det har difor oppstått ein god diskusjonskultur blant studentane. Den gode oppmøtekulturen kan truleg skuldast at studentane i forkant av semesteret vart sterkt oppmoda om å gje melding til faglærar dersom dei ikkje kunne møta. Dette tiltaket har såleis fungert godt.